

I GRØFTA

Av Steingrim Nuten

14. juli, midtsommar og lageleg ver for ein ettermiddagssteintur, tykte eg. I fleire veker hadde dei verka litt i bakhovudet alle desse raude boss-stopparane i borehola langsmed vegen. Slik arbeid ser lovande ut på desse kantar. Småholrom i nordmarkitten, ikkje sjeldan med vakkert innhald har eg funne før, så umogleg skulle det ikkje vera?



Men om dei hadde skote? Nei stopparane stod framleis på plass. Så eg for vidare austover. 14 kilometer heimefrå Svingen, der eg bur, dukka boreriggen opp. Nett der nordmarkitten blir litt ube-stemmelig, lite pyroksener, litt meir kvarts og ein del biotittglimmer. Mest som biotittgranitt er bergarten. Jamnvel om det står nordmarkitt på kartet, men det er rett gamalt, frå 1923. Og ikkje gjekk det nokon veg her på den tida, og

blottningene var få. Dei hadde ikkje så enkelt Holtdal og Schetelig når dei skulle lage kart må ein tru.

Men joviss hadde dei sprengt, karane frå vegvesenet, ikkje nokon fellesferie der må vite. Ut av bilen mest før den var stogga og så ut i grøfta. Suget var der og eg ville gjerne feira 201 årsdagen for borgarrevolusjonen med eit skikkeleg funn. Nå såg det ikkje så svært lovande ut, men etter nokre meter i den fine djupe og breie grøfta dukka dei opp, dei fyrste småhola. Dei inneholdt små perfekte røykkvarts og orthoklasfeltpat. Ein stad er feltpatkrystallane serleg grove, 5-6 cm omlag, dei sat på bare fjellvegen. Og nedafor på ei lita berghylle låg det fleir, og det saman med avbrotn røykkvartskrystallar på 2-3-4-5-6-7-8 og




ein halv centimeter. Dei hadde sprengt ut drusa! Men ein lyt takka for det som var att. Eg samla dei saman i kassa mi, strauk lua og heldt ei kort minnestund over drusa «hev vori». Men eg rista mis-motet raskt av meg, slike opplevingar har eg hatt før. Så slo eg hammaren kameratsleg i det gode fjellet for å stad-feste hendinga. Det lyseraude berget svara med dokk-dokk. Då kvapp eg, for den lyden meiner eg å kjenne godt. Eit er visst, det syner at berget ikkje er fast, i beste fall er ei druse bakom.





Den fyrste røykkvartsen frå drusa

Bort i bilen etter brekkstonga, så fekk eg han ørlite inn i sprekken. Og så bikka eg på – og blokka gav etter, drog han litt ut. Så løfta eg han rundt med handmakt. Og det var ei druse bak! Rett nok samanrasa, men det er inga ulempe, så får ein ikkje øydeleggje dei sjølve. Eg tok det varsamt ut og så bar det heim, med heile blokka på 70 kilo og druseromsinnholdet som fylte ei heil kasse. Det var nokre fine stuffar i løsmassen. Drusa måla $12 \times 20 \times 30$. Mineralane var orthoklas, kvarts, magnetitt, hematitt, stilbitt, biotitt, zirkon (mikro), alt i fine godt utvikla krystallar.



Orthoklas med magnetitt. HHøgde på stuffen 6 cm.


Eit par dagar seinare var eg attende. Då fann eg ei endå større druse nett ved sida av, eller som eit framhald av den fyrste. Innhaldet var omlag det same, men her fann eg lause stilbit kular med tverrmål opptil 2 cm. Det har eg aldri sett før på desse kantar, ikkje andre stader heller. Eit anna mineral som er framand for meg fann eg også. Det er også kuleforma slik som stilbitten – er ikkje radialstrålig – kvit utanpå og for det meste kvit inni,



Stillbitkuler med magnetitt. Tverrmål på stuffen 3 cm.

men det har lilla konsentriske ringar. Tenkte på fluspat, men bruddet er ulikt. De får finne ut av det på museet når dei kjem attende frå ferie?

Så det vart noko nytt, og eg vart nøgd, fekk metta mi om ein kan seia det slik – for nokre dagar – om ikkje anna!



Tverrmål 7 mm.

Tar du ein tur på desse kantar og gjer «arbeid» i skjæringane, så rydd opp i den nye fine grøfta til vegvesenet etter deg. Elles vil kanskje eg bli skulda for slik därleg framferd. Og det gode tilhøvet mitt til vegfolka går tapt. Takk – og god tur du med!